

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Steinulf Skjerdal
Arkivsaksnr.: 15/970

Arkiv: S11

Søknad om løyve til å byggje fem småkraftverk i Luster kommune - høyring

Rådmannen si tilråding:

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

1. Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kveken kraftverk på dei vilkår som går fram av søknaden.
2. Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kinsedal kraftverk på følgjande vilkår:
 - a. minstevassføringa om sommaren skal aukast opp til 5-persentilen
 - b. det skal gjennomførast støydempende tiltak for å bringa støyen frå turbin og avlaup i samsvar med gjeldande grenseverdiar
 - c. dei avbøtande tiltaka og utføringa elles skal vera slik det går fram av konsesjonssøknaden.
3. Luster kommunestyre tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Mordøla kraftverk på følgjande vilkår:
 - a. minstevassføringa om vinteren skal setjast lik alminneleg lågvassføring
 - b. det skal gjennomførast støydempende tiltak for å bringa støyen frå turbin og avlaup i samsvar med gjeldande grenseverdiar
 - c. dei avbøtande tiltaka og utføringa elles skal vera slik det går fram av konsesjonssøknaden.
4. Luster kommunestyre rår ifrå at det vert gjeve konsesjon for bygging av Åselvi kraftverk
5. Luster kommunestyre rår ifrå at det vert gjeve konsesjon for bygging av Rydøla Kraftverk
6. For nærare grunngjeving av tilrådinga for kvart einskild kraftverk vert det synt til rådmannen si saksutgreiing

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Saksutgreiing:

- Prenta vedlegg:**
1. Oversendingsbrev frå NVE datert 27.03.2015
 2. [Søknad om bygging av Kveken kraftverk](#)
 3. [Søknad om bygging av Kinsedal kraftverk](#)
 4. [Søknad om bygging av Mordøla kraftverk](#)
 5. [Søknad om bygging av Åselvi kraftverk](#)
 6. [Søknad om bygging av Rydøla Kraftverk](#)

Uprenta vedlegg:

Samandrag:

NVE har sendt på høyring fem søknader om utbygging av småkraftverk i Luster kommune, Kveken kraftverk og Kinsedal kraftverk i Kinsedalen, Mordøla kraftverk, Åselvi kraftverk og Rydøla Kraftverk. Søknadene har lege ute til offentleg ettersyn sidan 1. april 2015. Fristen for innspel er sett til 30. juni 2015.

NVE planlegg sluttsynfaring for alle kraftverka i veke 38 og legg opp til avgjer i saka i løpet av 1. halvår 2016.

Rådmannen meiner at summen av dei negative konsekvensane av utbygging for to av dei, Åselvi og Rydøla, overstig føremunene og at kommunestyret dermed bør rå ifrå at det vert gjeve konsesjon. For dei tre andre, Kveken, Kinsedal og Mordøla, bør det liggja til rette for konsesjon på nærare spesifiserte vilkår.

Utval som har vedtaksmynde:

Kommunestyret

Fakta og vurdering:

NVE har sendt på høyring fem søknader om utbygging av småkraftverk i Luster kommune. Det gjeld Kveken kraftverk og Kinsedal kraftverk, begge i Kinsedalen, Mordøla kraftverk mellom Sørheim og Skjolden, Åselvi kraftverk ovanfor Vassbakken og Rydøla Kraftverk, om lag 6 km mot Jostedalen rekna frå Gaupne.

Alle søknadene har lege ute til offentleg ettersyn på Rådhuset og biblioteket i Gaupne sidan 1. april 2015. Fristen for innspel er sett til 30. juni 2015. NVE arrangerte eit informasjonsmøte på Fjordstova i Skjolden 10. mai 2015 der det vart orientert om utbyggingssøknadene og gjeve høve til å stilla spørsmål og koma med innspel.

Gangen i saka etter at høyringsfristen er omme, er at søkjarane får høve til å kommentera innkomne fråsegner før NVE gjennomfører sluttsynfaring, planlagd i veke 38. NVE legg opp til at vedtak i saka skal liggja føre i løpet av 1. halvår 2016. Alle søknadene krev godkjenning etter både vassressurslova og energilova.

NVE ber høyringspartane om å vurdera kvar sak for seg, men også å sjå dei i samanheng og vurdera samla verknad. Rådmannen har valt å presentera nøkkeldata for alle kraftverka innleiingsvis i same tabellen, for deretter å omtala søknadene kvar for seg med fakta og vurdering.

Hovuddata for dei einskilde kraftverka

	Kveken	Kinsedal	Mordøla	Åselvi	Rydøla
Tilsig					
Nedbørfelt (km ²)	22,1	31,9	13,4	7,05	11,6
Årleg tilsig til inntaket (mill. m ³)	34,1	45,3	21,05	12,2	21,51

Spesifikk avrenning (l/s/km ²)	48,7	45,0	50,0	55,0	59,0
Middelvassføring (m ³ /s)	1,08	1,44	0,668	0,388	0,680
Alminneleg lågvassføring (m ³ /s)	0,04	0,064	0,024	0,018	0,024
5-persentil sommar (1/5–30/9) (m ³ /s)	0,161	0,220	0,165	0,051	0,110
5-persentil vinter (1/10–30/4) (m ³ /s)	0,031	0,044	0,024	0,017	0,020
Vassføring restfelt (m ³ /s)	0,38	0,040	0,075	0,020	0,050
Kraftverk					
Inntak (moh.)	525	207	380	650	575
Avlaup (moh.)	235	2	17	15	35
Lengde på berørt elvestrekning (m)	3 000	1 200	1 100	1 250	1 560
Brutto fallhøgde (m)	290	205	363	635	540
Midlare energiekvivalent (kwh/m ³)	0,66	0,47	0,85	1,471	1,16
Slukeevne, maks. (m ³ /s)	3,0	4,2	1,62	0,776	1,705
Slukeevne, min. (m ³ /s)	0,1	0,15	0,08	0,039	0,090
Planlagt minstevassføring sommar (m ³ /s)	0,1	0,120	0,150	0,051	0,400
Planlagt minstevassføring vinter (m ³ /s)	0,04	0,060	-	0,017	0,100
Tillaupsrøyr, diameter (mm)	1 050	1 350	900	600	800
Tillaupsrøyr, lengde (m)*	2 700	1 300	120/270	167	1 410
Profilboring, lengde (m)				1 235	
Sjakt, lengde (m)			360		450
Sjakt, diameter (mm)			1 000		
Tunnel lengde (m)			350		
Tunnel tverrsnitt (m ²)			12		
Installert effekt, maks. (MW)	6,85	6,54	4,95	4,3	7,9
Brukstid (timar)	2 407	2 829	2 445	2 744	1 980
Produksjon					
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4) (GWh)	3,5	4,35	2,3	2,3	7,6
Produksjon, sommar (1/5 – 30/9) (GWh)	13,0	11,10	9,8	9,5	7,3
Produksjon, årleg middel (GWh)	16,5	15,45	12,1	11,8	14,9
Økonomi					
Utbyggingskostnad (mill. kr)	55,0	57,0	59,3	51,8	57,5
Utbyggingspris (kr/kwh)	3,33	3,68	4,90	4,40	3,85

* 115 m nedgraven, 270 m i tunnel

Kveken kraftverk

Søkjjar er Blåfall AS med forretningsadresse i Oslo. Nærare opplysningar om søkjaren er å finna på heimesida til selskapet, WWW.blaafall.no.

Kraftverket vil nytta eit fall på 290 m i Kinsedalselvi med inntak på kote 525, dvs. like nedanfor samløpet mellom Kvekelvi og Kinsedalselvi, og kraftstasjon 250 – 300 m nord-aust for Plassen. Heile vassvegen er planlagt nedgraven/nedsprengd, langs vegen på nord-vestsida av dalen. Eksisterande bil- og traktorveg til Kveken vil bli opprusta. I tillegg vil det bli bygt ein avstikkar på 200 m køyrbart terreng til inntaket og 170 m avstikkar til kraftstasjonen.

Kraftliner

Det er også søkt konsesjon for bygging av Kinsedal kraftverk, som skal utnytta fallet mellom kraftstasjonen for Kveken kraftverk og sjøen. Dersom Kinsedal kraftverk får konsesjon, vil tilknytninga til eksisterande nett frå Kveken gå i luftspenn over elva like nedanfor kraftstasjonen og deretter i jordkabel i røyrgata til Kinsedal kraftverk fram til tilkoplingspunktet. Dersom kun Kveken kraftverk oppnår konsesjon, vil både luftspenn og jordkabel fram til tilkoplingspunktet bli vurdert.

Linjekapasiteten er ikkje stor nok til å få krafta ut frå Kinsedalen i dag. Anleggsbidrag for oppgradering av linja til Solvorn er difor lagt inn i kostnadsoverslaget for kraftverket.

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Miljørapportane er utarbeidde av NNI Resources AS. Nærare opplysningar og referansar for selskapet finn ein på WWW.nni.no.

Under feltarbeidet vart det påvist ein raudlista lavart, *hornstry* (nær trua). Denne vart funnen i eldre skog i nærleiken av den øvre delen av den planlagde røyrgata. I tillegg er det registrert ein viktig naturtype, *naturbeitemark* med verdinivå viktig (B), på begge sider av den eksisterande vegen som skal brukast som trase for røyrgata. Ut over dette vart det ikkje registrert raudlista artar i tiltaksområdet. Tiltaket berører heller ikkje andre registrerte førekomstar eller område avmerka i naturbasen, artskart, INON, MiS m. fl.

Inntaksdammen vil heilt marginalt redusera INON-areal av kategorien «over 5 km frå inngrep».

Den reduserte vassføringa vil til ein viss grad redusera opplevingsverdiene i elvelandskapet.

Utbygginga vil gje 16,5 GWh rein fornybar energi kvart år. I anleggsperioden vil tiltaket skapa om lag 10 årsverk, og i driftsfasen om lag 1/3 årsverk.

I Luster kommune sin kommunedelplan for små kraftverk er delområde Kinsedalen plassert i «gul konfliktzone», noko som betyr at området har nokre sterke interesser som må takast omsyn til ved ev. kraftutbygging.

Avbøtande tiltak

Det er føreslege minstevassføring på 100 l/s om sommaren (1/5 – 30/9) og 40 l/s om vinteren (1/10 – 30/4). Ut over dette er det sett krav til utføring og opprydding etter anleggsarbeidet, ivaretaking av vegetasjon og forsvarleg avfallshandtering.

Vurdering Kveken kraftverk

Elva renn i eit djupt gjel med skog på begge sider og er difor lite synleg, både frå bil- og traktorvegane på begge sider av dalen og ulike stiar i området. Landskapsopplevinga ved fråføring av vatn som omsøkt, vert difor i liten grad redusert av ei utbygging.

Vasslevande- og elvepåverka organismar vert naturleg nok påverka av ei redusert vassføring. Det er også å merka at den føreslegne minstevassføringa om sommaren er mindre enn 5-persentilen, som ofte vert nytta som standard for minstevassføringskrav. Men på strekninga mellom inntaket og kraftstasjonen kjem det til ein god del vatn frå sidebekker, slik at den samla vassføringa lenger nedover i hovudelva rel. fort overstig 5-persentilen ved inntaket.

Rådmannen meiner ut frå det at minstevassføringskrava som søkjaren sjølv har føreslege bør kunna akseptertast.

Den registrerte raudlistearten vil truleg ikkje bli påverka av ei utbygging.

Naturtypen *naturbeitemark* av viktig verdi (B) er frå før gjennomskoren av vegen mot Kveken. Anleggsarbeidet vil medføra ein nytterlegare reduksjon av naturtypen, men dette er ein naturtype som ein finn mange stader elles i Luster kommune, så i den store samanhengen vil dette inngrepet ha marginal betydning.

Etter ei samla avveging av fordelar og ulemper med utbygginga meiner rådmannen at søknaden kan tilrådest slik han føreligg.

Kinsedal kraftverk

Søklar er også her Blåfall AS. Kraftverket vil nytta eit fall på 205 m i Kinsedalselvi med inntak på kote 207 like nedanfor utlaupet frå kraftstasjonen til det omsøkte Kveken kraftverk, og kraftstasjon på kote 2, om lag 25 m ovanfor elvemunningen nede ved kaien. Vassvegen på om lag 1 300 m er planlagd på sør-austsida av dalen og skal nedgravast/nedsprengjast på heile strekninga. Etter at anlegget er ferdig utbygt, vil røytraseen over garden Åsen bli tilrettelagd som jordbruksveg og tilkomst til inntaket.

Kraftline

Eksisterande 22 kV kraftlinje passerer om lag 110 m ovanfor kraftstasjonen. Frå stasjonen til tilkoplingspunktet er det planlagt jordkabel i same trasè som røyrgata.

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Som for Kveken kraftverk er miljørapportane også her utarbeidde av NNI Resources AS.

Det er ikkje påvist raudlista artar utover alm i tiltaks- eller influensområdet. Tiltaket berører heller ikkje andre registrerte førekomstar eller område avmerka i naturbasen, artskart, INON, MiS m. fl.

Utbygginga har ikkje konsekvens for INON-areal.

Miljørapporten peikar på at det her ikkje ligg føre forskningsbasert kunnskap som kan seia noko om den føreslegne minstevassføringa vil gje tilstrekkeleg avbøtande effekt på biologisk mangfald knytt til vassmiljøet langs elvebredden, men at det generelt kan seiast at risiko for skade minkar med aukande minstevassføring.

I kommunedelplanen for små kraftverk er området plassert i «gul konfliktsone», noko som betyr at her er nokre sterke interesser som må takast omsyn til ved ev. kraftutbygging.

Utbygginga vil gje 15,45 GWh rein fornybar energi kvart år. Deler av anleggsarbeidet må påreknast utført av lokale entrepenørar. Utbygginga vil gje grunneigarane auka inntekter i form av fallelige og vil kunna styrka busetjingsgrunnlaget i grenda. Skatteinntektene for stat og kommune vil også auka som følgje av utbygginga.

Avbøtande tiltak

Det er føreslege minstevassføring på 120 l/s om sommaren (1/5 – 30/9) og 60 l/s om vinteren (1/10 – 30/4). 5-persentilen for same tidsromma er høvevis 220 og 44 l/sek.

Det vert lagt vekt på å tilpassa alle tekniske installasjonar til landskapet på ein god måte. Mellom anna vert dei synlege effektane av inngrepet dempa ved at røyrgata vert nedgreven.

Ut over dette er det sett krav til utføring og opprydding etter anleggsarbeidet, ivaretaking av vegetasjon og forsvarleg avfallshandtering.

Installasjonane i stasjonsområdet vil bli utførde på ein måte som oppfyller grenseverdiane for støy fastsette av SFT.

Vurdering Kinsedal kraftverk

Det kan ikkje utelukkast skade på biologisk mangfald knytt til vassmiljøet langs elvebredden med den føreslegne minstevassføringa. Det er også å merka at restfeltet nedanfor inntaket, i motsetning til for Kveken kraftverk, tilfører svært lite vatn. I søknaden er det opplyst at produksjonstapet ved å auka minstevassføringa til 5-persentilen er 0,37 GWh og at utbyggingskostnaden vil auka med 10 øre pr. kWh. Rådmannen meiner at det bør gjerast.

Ut over dette kan ikkje rådmannen sjå nemnande negative konsekvensar av ei utbygging.

I tillegg til at kraftverket vil gje utbyte til utbyggjaren, som er eit eksternt selskap, vil også fallrettseigarane, som har eigedomar i Kinsedal og Ornes, ha framtidig inntekt i form av fallelige. Dette vil styrka busetjingsgrunnlaget i området.

Ei samla vurdering tilseier at fordelene med utbygging overstig ulempene.

Under føresetnad av at det vert gjennomført forsvarlege tiltak i stasjonsområdet for å eliminera støyen til omgjevnadene frå kraftverket, at minstevassføringa om sommaren vert auka opp til 5-persentilen, og at utføringa elles vert slik det går fram av konsesjonssøknaden, meiner rådmannen søknaden kan tilrådest frå Luster kommune si side.

Mordøla kraftverk

Søkjjar er Mordøla Kraft AS (SUS). Selskapet vart stifta av grunneigarane sjølve med føremål å byggja kraftverket.

Kraftverket vil utnytta eit fall på 363 m i Mordøla med inntak på kote 380, nedanfor fossen, og kraftstasjon på kote 17, om lag 40 m ovanfor fylkesvegen. Vassvegen vil bli på totalt 830 m og er planlagt med 360 m bora sjakt i starten, deretter 350 m tunnel og ei kortare nedgraven røyrgate i nedre del.

Kraftstasjonen vil bli skjerma frå fjorden og veggen. Det må byggjast 80 m ny veg og opprustast om lag 80 m eksisterande veg til kraftstasjon, rigg og tunnelpåhogg. Tunnelmassane, om lag 10 000 m³, skal deponerast i nærområdet til kraftstasjonen. Massane frå sjaktboringa vil bli nytta som topplag på vegar og plassar, og elles bli transportert ut av området. All transport fram til inntaksdam skal utførast med helikopter.

Kraftline

Eksisterande 22 kV kraftlinje passerer like ovanfor kraftstasjonen. Frå kraftstasjonen til påkoplingspunktet er det planlagt jordkabel i same trasè som røyrgata.

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Miljørapporten er utarbeidd av Multiconsult AS med bidrag frå Økosøk på temaet biologisk mangfald og verneinteresser.

På nordsida av Mordøla er det over ei strekning på om lag 600 m registrert ein lokalitet av naturtypen «*Gamal boreal lauvskog*» av verdi viktig (B), og på begge sider og rundt nedslaget av Mordølefossen naturtypen «*Fosse-eng*» av verdien viktig (B).

Det er ikkje påvist raudlista artar utover alm (NT) i tiltaks- eller influensområdet. Tiltaket berører heller ikkje andre registrerte førekomstar eller område avmerka i naturbasen, artskart, INON, MiS m. fl.

Utbygginga medfører eit nettotap av INON-areal på 0,8 km².

Sjølv om datagrunnlaget er sparsamt, er det lite som tyder på at Mordøla sin verdi for fisk og andre vasspåverka organismar er særleg stor.

Miljørapporten peikar på at det her ikkje ligg føre forskningsbasert kunnskap som kan seia noko om den føreslegne minstevassføringa vil gje tilstrekkeleg avbøtande effekt på biologisk mangfald knytt til vassmiljøet langs elvebredden, men at det generelt kan seiast at risiko for skade minkar med aukande minstevassføring.

I kommunedelplanen for små kraftverk er området plassert i «gul konfliktsone».

Utbygginga vil gje 12,1 GWh rein fornybar energi kvart år. Deler av anleggsarbeidet må påreknast utført av lokale entreprenørar. Utbygginga vil gje grunneigarane auka inntekter. Skatteinntektene for stat og kommune vil også auka som følgje av utbygginga.

Avbøtande tiltak

Det er føreslege ei minstevassføring på 150 l/s om sommaren (1/5 – 30/9), og ingen krav resten av året.

Det vert lagt vekt på å tilpassa alle tekniske installasjonar til landskapet på ein god måte.

Om lag 100 m frå stasjonsområdet er det to hytter. Det er forutsett at det vert iverksett tiltak for å begrensa støy frå turbinar og utlaup.

Ut over dette er det sett krav til utføring og opprydding etter anleggsarbeidet, ivaretaking av vegetasjon og forsvarleg avfallshandtering.

Vurdering Mordøla kraftverk

Den generelle regelen i vassressurslova er at minst alminneleg lågvassføring skal haldast tilbake ved kraftutbygging. Vassdragsstyresmakta har likevel høve til å godkjenna lågare vassføring for ein kortare periode etter konkret vurdering. Alminneleg lågvassføring ved inntaket her er stipulert til 24 l/sek. Sjølv om miljørapporten konkluderer med at Mordøla sin verdi for vasslevande- og vasspåverka organismar må påreknast å vera liten, meiner rådmannen at det bør setjast krav til minstevassføring også om vinteren. Det vil vera naturleg å setja denne lik alminneleg lågvassføring den perioden.

Vassdragsnaturen og det norske fjordlandskapet er ettertrakta reisemål for turistar. Det viktigaste landskapselementet i Mordøla er sjølve fossen og denne vil ikkje bli berørd av omsøkt utbygging. Utover fossen er parti av elva nedanfor synleg frå fjorden. Den føreslegne minstevassføringa om sommaren vil til ein viss grad oppretthalda landskapsbiletet. Sjølv om det føreslegne minstevassføringskravet for sommaren ligg litt under 5-persentilen, meiner rådmannen det kan akseptast. I denne vurderinga er det lagt vekt på at tilsiget frå restfeltet nedanfor inntaket bidreg positivt.

Fossesprøytsone ved fossen vil ikkje bli påverka av ei utbygging. Det vil truleg heller ikkje den andre naturtypen, *boreal lauvskog*, ettersom vassvegen går i tunnel forbi.

Kraftverket vil gje utbyte til dei tre grunneigarane som står bak utbygginga. To av dei er fast busette i Luster, den tredje bur i kommunen deler av året.

Fordelene med ei utbygging må seiast å vera større enn ulempene. Under føresetnad av at det vert gjennomført forsvarlege tiltak i stasjonsområdet for å eliminera støyen til omgjevnadene frå kraftverket og at det vert sett krav til minstevassføring om vinteren lik alminneneg lågvassføring, meiner difor rådmannen at søknaden kan tilrådest frå Luster kommune si side.

Åselvi kraftverk

Søkjjar er Norges Småkraftverk AS som leiger fallrettane av dei to berørde grunneigarane.

Kraftverket vil utnytta eit fall på 635 m i Åselvi med inntak på kote 650 ovanfor Furåsen og kraftstasjon på kote 15, om lag 40 m ovanfor FV 55 ved Vassbakken. Vassvegen vil bli på totalt 1 400 m der øvre del, 1235 m, vil bli bora sjakt, og ei kortare nedgraven røyrgate med diameter 600 mm i nedre del. Inntaksdammen vil bli i betong med høgde på omlag 4,0 m og lengde på damkruna omlag 31 m.

Det må byggjast 40 m ny veg frå fylkesvegen til kraftstasjonen. Massane frå sjaktboringa vil bli nytta til vegdekke og oppfylling kring kraftstasjonen. Overskytande masse vil bli forsøkt selt, eventuelt etter ei mellomlagring i nærleiken av kraftstasjonen. All transport fram til inntaksdam skal utførast med helikopter.

Kraftline

Eksisterande 22 kV kraftlinje passerer 150 m frå kraftstasjonen. Frå kraftstasjonen til påkoplingspunktet skal det nyttast jordkabel. Nettilknytning er avklara med Luster Energiverk. Anleggsbidrag for oppgradering av linja er rekna inn i kostnaden for kraftverket.

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Miljørapporten er utarbeidd av Bioreg AS, <http://WWW.bioreg.as/>

Søk i Miljødirektoratet sin database synte at ingen prioritert naturtype er registrert i influensområdet frå før. Derimot er det i Artsdatabanken fleire registreringar av raudlista lav og karplanter i området, men berre ein, *piggrollskjegg (VU)*, i nærleiken av utbyggingsområdet.

Under miljøkartlegginga i samband med utbyggingssøknaden vart det likevel registrert fire prioriterte naturtypar i influensområdet, ei bekkekløft, ei fossesprøytsone, ein gråor-heggeskog og ei lauveng.

Utbygginga medfører eit nettotap av INON-areal på 0,65 km².

I kommunedelplanen for små kraftverk er området plassert i «gul konfliktsone».

Utbygginga vil gje 11,8 GWh rein fornybar energi kvart år. Deler av anleggsarbeidet må påreknast utført av lokale entrepenørar. Utbygginga vil gje grunneigarane auka inntekter. Skatteinntektene for stat og kommune vil også auka som følgje av utbygginga.

Avbøtande tiltak

I miljørapporten er det tilrådd ei minstevassføring på minst 5-persentilen både sommar og vinter. Søkjar har lagt seg på den.

Dei tekniske installasjonar vert tilpassa omgjevnadene ein god måte.

Det er planlagt iverksett tiltak for å begrensa støy frå turbinar og utlaup.

Ut over dette er det sett krav til utføring og opprydding etter anleggsarbeidet, ivaretaking av vegetasjon og forsvarleg avfallshandtering.

Vurdering Åselvi kraftverk

Inntaket, vassvegen og kraftlinja vil syna lite att. Kraftstasjonen vil heller ikkje framtre negativt i omgjevnadene, tvert om kan det på grunn av nærleiken til Vassbakken vera ein attraksjon dersom det vert tilrettelagt slik at turistar kan koma inntil og sjå installasjonane.

Dei registrerte naturtypelokalitetane vil bli berørde i ulik grad av ei utbygging:

Lokalitet 1, *bekkekløfta*, vil truleg halda tilstrekkeleg på råmen også ved lågare vassføring. Verknaden av ei utbygging for denne vil dermed bli liten.

Lokalitet 2, *hagemarka*, vil bli lite påverka av ei utbygging då vegetasjonen her er lite avhengig av fukt frå elva.

Lokalitet 3, *fossesprøytsona*, vil bli sterkt påverka ettersom fossesprøyten som denne er avhengig av, vert borte.

Lokalitet 4, *gråor-heggeskog*, vil bli negativt påverka avdi dei fleste flaumane vert borte, grunnvatnet vil senka seg og sjølv grunnlaget for naturtypen vert sterkt redusert.

Vassdragsnaturen er ein turistmagnet. Åsafossen er eit markert landskapselement like i nærleiken av FV 55 som er ein nasjonal turistveg. Reduksjonen i vassføringa, sjølv med omsøkt minstevassføring, vil verka negativt for opplevingsverdien. Rådmannen meiner dette vil vera er den største ulempa med ei utbygging.

Sjølv om kraftverket vil generera inntekter til lokalsamfunnet meiner rådmannen at ulempene med ei utbygging vil overstiga føremonene og finn det difor rett å rå ifrå at det vert gjeve konsesjon.

Rydøla Kraftverk

Søkjar er Luster Småkraft AS som er eigd av Luster Energiverk AS og Småkraft AS.

Kraftverket vil utnytta eit fall på 540 m i Rydøla med inntak på kote 575 nedanfor stølen Rydalen, og kraftstasjon på kote 35, like ovanfor samløpet med Jostedøla. Viergrovi skal overførast til inntaket via ei røyrleidning på 240 m. Vassvegen vil bli på totalt 1 410 m og er planlagd som ein kombinasjon av røyr i grøft og sjakt/tunnel i fjell. Frå inntaket til omlag kote 475, ei strekning på 610 m, skal det nyttast nedgravne støypejarnrøyr, derifrå går vassvegen i fjell til kote 60, der han går over i nedgraven røyrgate siste 140 m til kraftstasjonen.

Det må byggjast 50 m ny veg frå jordbruksveg på austsida av Jostedøla til kraftstasjonen. Til inntaket ved Viergrovi vil det bli bygt ein avstikkar på 150 m frå jordbruksveg som er under bygging der oppe. Røyrtrasèen vil i anleggsperioden bli nytta som anleggsveg, deretter tilbakeført og revegetert.

Kraftline

Tilkopling til nettet skal skje via ein omlag 2 km jordkabel til eksisterande 22 kV kraftlinje på andre sida av Jostedøla..

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Miljørapporten er utarbeidd av Multiconsult AS v. Randi Olsen, hydrologiske utrekningar av BKK Produksjon AS og teknisk/økonomisk og verknader for miljø, naturressursar og samfunn ut over det som er omtala i miljørapporten av Luster Energiverk AS.

Det er registrert fire naturtypelokalitetar med middels verdi i influensområdet for sjøve kraftverket, ei fossesprutsone ved Ryfossen, ein lokalitet av rik edellauvskog og to lokalitetar av gråor-heggeskog. Det er også registrert to omsynskrevjande vegetasjonstypar innanfor ein av lokalitetane. Alm (NT) er einaste raudlista plante registrert her, men det kan vera potensial for fleire.

Området har også betydning for fugl. I nedre del av influensområdet er det ein hekkelokalitet for kongeørn. Det finst også ein hekkelokalitet for hubro, men det er usikkert om den ligg i influensområdet, og hekke- og leveområde for artar som kattugle og hønsfuglar. Fuglelivet dreg verdien av området opp.

Rydøla har ei 100 m lang anadrom strekning frå samløpet med Jostedøla. Ovanfor Ryfossen finst det bekkeare.

Ei utbygging som omsøkt vil ikkje føra til reduksjon av INON-område.

Stølen i Rydalen representerer i utgangspunktet eit heilskapleg stølsmiljø med kulturhistorisk interesse, men inntaket vil bli liggjande nedanfor stølen og spora etter ei utbygging vil rel. raskt forsvinna.

Ryfossen vert nytta til iskltring om vinteren, både av tilreisande og lokale.

Ryfossen er eit viktig landskapselement i Jostedalen og er lett tilgjengeleg.

I kommunedelplanen for små kraftverk er området plassert i «grøn konfliktsone».

Utbygginga vil gje 14,9 GWh rein fornybar energi kvart år. Deler av anleggsarbeidet må påreknast utført av lokale entreprenørar. Utbygginga vil gje grunneigarane auka inntekter. Skatteinntektene for stat og kommune vil også auka som følgje av utbygginga.

Avbøtande tiltak

Søklar føresler ei minstevassføring på 400 l/s i perioden 1. juni til 31. august, og 100 l/s elles i året. 5-persentilen sommar (01.05 – 30.09) og vinter (01.10-30.04) er høvevis 110 l/s og 20 l/s.

Inntaket er plassert nedanfor stølen i Rydalen for ikkje å gje negativ påverknad på kulturmiljøet der, men samtidig trekt så høgt som mogeleg for at restfeltet skal sikra vassføring i fossen i tillegg til minstevassføringa.

Det er planlagt iverksett tiltak for å begrensa støy frå turbinar og utlaup i samsvar med gjeldande grenseverdiar på dette området.

Dei tekniske installasjonar vert elles tilpassa omgjevnadene ein god måte.

Ut over dette er det sett krav til utføring og opprydding etter anleggsarbeidet, ivaretaking av vegetasjon og forsvarleg avfallshandtering.

Vurdering Rydøla Kraftverk

Det vil syna lite att av inntaket, vassvegen og kraftlinja. Kraftstasjonen vert også tilpassa omgjevnadene på ein god måte.

Dei registrerte naturtypelokalitetane vil bli berørde i ulik grad:

Lokalitet 1, *fossesprøytsona*, vil truleg gå tapt. Det likevel å merka at det ut frå registreringane ikkje er snakk om sjeldne artar.

Lokalitet 2, *edellauvskogen*, vil truleg i mindre grad bli påverka, mellom anna på grunn av rel. høg minstevassføring.

Lokalitet 3, *gråor-heggeskog* ved kraftstasjonen, vil bli redusert og forringa pga. anleggsarbeid i tilknytning til røyrgate og kraftstasjon.

Lokalitet 4, *gråor-heggeskog* langs kabelgrøft, vil truleg ikkje bli nemnande påverka.

For hubro og kongeørn vil ei utbygging vera negativ, men den negative påverknaden vil vera av tidsavgrensa varigheit.

Det er tvilsamt om den føreslegne minstevassføringa på 100 l/s store deler av året vil kunna oppretthalda tilstrekkelege levetilhøve for fisk i det storsteina elvelaupet. Den anadrome strekninga av Rydøla har liten til middels verdi for fisk i dag. Ho utgjør ein rel. liten del av tilgjengeleg oppvekstareal og det er få gytemogelegheiter der.

Landskapskvalitetane i og rundt utbyggingsområdet er høgt verdsett. Ved tilstrekkeleg vassføring er Ryfossen ein viktig del av vassdragsnaturen i Jostedalen og betyr mykje både for lokalbefolkninga og tilreisande. Den reduserte landskapsopplevinga ved fråføring av vatn frå fossen vil truleg utgjera den mest negative einskildeeffekten av utbygginga. Søkjaren har prøvd å kompensera for det med ei rel. høg minstevassføring i tre månader om sommaren. Om dette er tilstrekkeleg til å oppretthalde gode nok landskapskvalitetar i og rundt utbyggingsområdet er eit springande punkt i saka. Det kan og argumenterast med at utbygginga i kommunedelplan for småkraft er plassert i «grøn» konfliktsone, då argumentet om «landskapsbilde» vart mindre vektlagt.

Utbygginga vil truleg også medføra at aktiviteten med isklating må opphøyra den tid kraftverket er i drift. Eit eventuelt stogg i stasjonen kan gi vasslepp som medfører risiko/fare for ev klatring/klattrarar.

Kraftverket vil generera betydelege inntekter til lokalsamfunnet. Rådmannen meiner likevel at summen av ulempene ved bygging av Rydøla Kraftverk vil overstiga føremonene og at kommunestyret difor bør rå ifrå at det vert gjeve konsesjon.

Samla vurdering

I denne omgangen er det fem småkraftverk på høyring. Det er tidlegare handsama ei rekke søknader frå Luster. På Veitastrond har det til saman vore 10 søknader, der 7 har fått konsesjon og tre er avslegne. To av dei siste er under klagehandsaming.

Utanom det eine kraftverket som inngår i pakken no, er det langs Jostedøla tre kraftverk, der to alt er bygde og det tredje står framfor byggjестart.

Engjadalselvi i Gaupne fekk avslag. Jf at det her er mykje godt det same grunneigar-fellesskapet som Rydøla.

Det er innvilga konsesjon til Døsjagrovi i Luster og Bergselvi i Fortun. To søknader frå Kroken er avslegne av NVE utan at dei har vore på høyring i kommunen.

Avslagsgrunnane er i første rekke negative konsekvensar for det biologiske mangfaldet, landskapsopplevinga og ålmenne interesser som friluftsliv o.l.

Av dei fem kraftverka som er omsøkt no er det to som merkar seg ut på grunn av at dei utgjer markerte landskapselement, Åselvi og Rydøla, som vert forringa ved utbygging. I tillegg kan det for desse peikast på negative miljøkonsekvensar dersom dei vert utbygde.

Slik som handsamingspraksis har vorte for utbyggings saker, meiner rådmannen det vil vera vanskeleg å tilrå utbygging for desse to. For dei tre andre, Kveken, Kinsedal og Mordøla, bør det liggja til rette for konsesjon.

Dato 03.06.2015

Jarle Skartun
rådmann

Steinulf Skjerdal
landbrukssjef

Særutskrift skal sendast: Noregs vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo.
Elektronisk: www.nve.no/konsesjonssaker

m/kopi til:

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑